



## Møteprotokoll for Formannskapet i Radøy

**Møtedato:** 07.06.2018  
**Møtested:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 09.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Ordfører
Jostein Borlaug	AP	Varaordfører
Anne Berit Bø Palmesen	SP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Christel Villanger Håland	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Vidar Grindheim	H	Christel Villanger Håland - H

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Jarle Landås, økonomisjef Sveinung Kvamme, møtesekretær Arthur Kleiveland

---

## Saksliste

---

**Saksnr**      **Tittel**

- 030/2018    Meldingar og referatsaker
- 031/2018    Søknad om fritak frå politiske verv - suppleringsval
- 032/2018    Val av medlemar til kontrollutvalet i Radøy
- 033/2018    Tilskot til politiske parti 2018
- 034/2018    Framlegg til Hovedtariffavtale til medlemene for uravrøysting
- 035/2018    Løyving til kulturminne i privat eige
- 036/2018    Disponering av mindreforbruk 2017

- 037/2018 Tertialmelding januar - april 2018
- 038/2018 Budsjettregulering vår 2018
- 039/2018 Økonomiplan 2019 - 22
- 040/2018 Småbarnsavdeling Austebygd barnehage
- 041/2018 Bustadsosial handlingsplan for perioden 2018-2022
- 042/2018 Kommunedelplan helse, sosial og omsorg for Radøy kommune perioden 2018-2028
- 043/2018 Utviding av IKT-samarbeidet - konseptstudie
- 044/2018 Etablering av Nordhordland brann og redning

## 030/2018: Meldingar og referatsaker

### Behandling:

17. mai-støtte: Ordførar Jon Askeland orienterte om søknad frå FAU på Sæbø skule om støtte til innkjøp av utstyr til 17. mai-feiring i krinsen. FAU har kjøpt utstyr frå Sæbø skulemusikklag - som tidlegare har hatt ansvaret for gjennomføringa av 17.mai-feiringa. Skulekorpset skal framleis vederlagsfritt kunne bruka utstyret dei har overført til FAU.

Formannskapet meiner søknaden om tilskot ikkje er i samsvar med bruken av tilskotsordninga formannskapet har oppretta for innkjøp av utstyr til 17. mai-komiteane. Formannskapet imøtekjem difor ikkje søknaden.

I formannskapet kom det fram ulike tilbakemeldingar frå 17. mai-komiteane på tilskotsordninga.

Nokon gir uttrykk for at dei har behov for driftstilskot, andre meiner støtte til innkjøp av utstyr er ei god ordning.

Formannskapet konkluderte med at denne saka vert tatt opp på nytt til hausten.

### Møteplan haust 2018:

Det vart lagt fram følgjande utkast til politisk møteplan for hausten 2018:

Formannskapet	4. sept. (torsdag)
Hovudutvalet	12. sept.
Formannskapet	4. okt.
Kommunestyret	18. okt.
Hovudutvalet	24. okt.
Formannskapet	8. nov.
Formannskapet	22. nov.
Hovudutvalet	5. des.
Kommunestyret	6. desember

Formannskapet tok møteplan til etterretning.

Krafttak for ungdom: Ordføraren orienterte om ope brev til ordførarane - Krafttak for ungdom.

Formannskapet ber ordføraren i første omgang gje eit positivt svar på innhaldet i brevet.

Formannskapet ønskjer til hausten å jobba vidare med utfordringane og spørsmåla som kjem fram i brevet.

Formannskapet tok meldingar og referatsaker til orientering, med dei tillegg som kom fram i møtet.

### Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.

---

## 031/2018: Søknad om fritak frå politiske verv - suppleringsval

### Behandling:

Senterpartiet sette fram følgjande framlegg til suppleringsval:

Arne Manger får fritak frå sine politiske verv i Radøy kommune.

Kjersti Haugland erstattar Arne Manger i dei verva han har.

Formannskapet som valnemnd vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Arne Manger får fritak frå sine politiske verv i Radøy kommune.

Kjersti Haugland erstattar Arne Manger i dei verva han har.

---

032/2018: Val av medlemmar til kontrollutvalet i Radøy

Behandling:

Formannskapet sette fram følgjande felles framlegg:

Arild Tveranger (Uavh.) får fritak frå politiske verv i Radøy kommune.

Formannskapet som valnemnd sette fram følgjande fellesframlegg til val av medlemmer/varamedlemmar til kontrollutvalet:

Medlemmar:

Astrid Nordanger (AP)

David Pletten Aasgard (KrF)

Siv Beate Marøy (H)

Cyril Marøy (SP)

Nils Bård Nødtvedt (Frp).

Varamedlemmar:

1. Karolina Vaktskjold (H)

2. Kjersti Haugland (SP)

3. Sven Olav Saltnes (AP)

4. Rune Mellingen (KrF)

5. May Iren Sylta (SP)

Astrid Nordanger (AP) vert valt til leiar i Kontrollutvalet.

David Pletten Aasgard (KrF) vert valt til nestleiar i Kontrollutvalet.

Formannskapet vedtok samrøystes å innvilga søknaden frå Arild Tveranger om fritak frå politiske verv i Radøy.

Formannskapet (som valnemnd) vedtok samrøystes framlegg til medlemmar og varamedlemmar i Kontrollutvalet.

Vedtak:

Arild Tveranger får fritak frå politiske verv i Radøy kommune.

Medlemmar og varamedlemmar i Kontrollutvalet i Radøy:

Medlemmar:

Astrid Nordanger (AP)  
David Pletten Aasgard (KrF)  
Siv Beate Marøy (H)  
Cyril Marøy (SP)  
Nils Bård Nødtvedt (Frp)

Varamedlemmar:

1. Karolina Vaktskjold (H)
2. Kjersti Haugland (SP)
3. Sven Olav Saltnes (AP)
4. Rune Mellingen (KrF)
5. May Iren Sylta (SP)

Astrid Nordanger (AP) vert valt til leiar i Kontrollutvalet.  
David Pletten Aasgard (KrF) vert valt til nestleiar i Kontrollutvalet.

---

033/2018: Tilskot til politiske parti 2018

**Behandling:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Radøy kommune sitt tilskot på kr 50.000,- til kommunestyregruppene, vert gjeve med kr 1000,- i grunnstøtte til kvar gruppe og kr 1760,- til per representant i gruppene.

---

034/2018: Framlegg til Hovedtariffavtale til medlemene for uravrøysting

**Behandling:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Radøy kommune røyster JA ved uravrøysting til det anbefalte forhandlingsframlegget.

---

## 035/2018: Løyving til kulturminne i privat eige

### Behandling:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

### Vedtak:

Løyvinga på kr 40 000 til kulturminne i privat eige i budsjettet for 2018 vert fordelt saman med avkastninga frå Radøy kommune sitt kulturminnefond og etter statuttane for fondet.

---

## 036/2018: Disponering av mindreforbruk 2017

### Behandling:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte og peika på at kostnadane til rehabilitering av helsehuset vil krevja ein noko større del av mindreforbruket 2017, mellom anna til vindauge og SD-anlegg.

Ordførar Jon Askeland lufta eit innspel om å bruka midlar frå flyktningefondet til andre formål, og ikkje dra med seg eit stort fond inn i Alver kommune. Ordføraren peika også på behov for midlar til nokre av verbalpunktta i 2018-budsjettet, og då særleg knytt til vegvedlikehald og og stiar i bustadfelt. Rådmannen advara mot å redusera flyktningefondet, og peika på at integrering av flyktningar er krevjande og vil omfatta tiltak over fleire år. Det er i 2018-budsjettet rekna med statleg tilskot for ti ny flyktningar i år, men det er framleis uvisst om det kjem nokon.

### Rådmannen sette fram følgjande endringsframlegg til disponering av mindreforbruk:

Integrering flyktningar	kr 2.500.000
Bygging av Alver kommune	kr 2.000.000
Asfaltering kommunale vegar	kr 400.000
Helsehuset vindauge/SD-anlegg	kr 460.000
Til fritt disposisjonsfond	kr 2.335.179
Overført frå bundne fond	(kr 2.232.000)
Til fritt dispensasjonsfond	kr 2.232.000
Mindreforbruk 2017	kr 7.605.179

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt endringsframlegg.

### Vedtak:

#### **Mindreforbruk 2017 vert disponert slik:**

Integrering flyktningar	kr 2.500.000
Bygging av Alver kommune	kr 2.000.000
Asfaltering kommunale vegar	kr 400.000
Helsehuset vindauge/SD-anlegg	kr 460.000
Til fritt disposisjonsfond	kr 2.335.179
Overført frå bundne fond	(kr 2.232.000)
Til fritt dispensasjonsfond	kr 2.232.000

---

**037/2018: Tertialmelding januar - april 2018****Behandling:**

Kirsti Gjetle Floen (AP) ba om status for sjukefråveret og kva resultat som ulike tiltak har gitt. Formannskapet slutta seg til innspelet frå Floen, og rådmannen kjem tilbake med sak til hausten.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Tertialmelding for perioden januar – april 2018 vert teken til etterretning slik den ligg føre i eigne dokument.

---

**038/2018: Budsjettregulering vår 2018****Behandling:**

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte om budsjettreguleringa. Kommunen har fått ca 1 mill. kroner meir i aksjeutbytte frå BKK enn det er budsjettert med. Samtidig peika økonomisjefen på det kan verta bruk for ekstramidlar til rehabiliteringa av Solhall og den vedtekne pedagognorma. Han informerte også om at leige av paviljong til klasserom ved Manger skule ikkje er dekkast inn i denne budsjettrevideringa. Denne kostnaden kan ikkje dekkast over investeringsbudsjettet, og må difor gå inn i driftsbudsjettet. Korleis dette skal dekkast inn kjem rådmannen tilbake til.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Budsjett 2018 vert regulert i samsvar med saksutgreiinga ovanfør, og gir følgjande skjema 1a, 1b og 2b:

<b>Drift (skjema 1a)</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Regulering</b>	<b>Regulert budsjett</b>
Skatt på inntekt og formue	(121 100 000)	499 000	(120 601 000)
Rammetilskot	(168 988 000)	(1 070 000)	(170 058 000)
Eigedomsskatt	(15 197 000)		(15 197 000)
Generelle statstilskot	(15 104 500)	(1 271 000)	(16 375 500)
Renteinntekter og utbytte	(3 987 000)	(1 000 000)	(4 987 000)
Renteutgifter	5 609 000	156 000	5 765 000
Avdragsutgifter	8 994 000	21 000	9 015 000

<b>Sum frie inntekter</b>	<b>(309 773 500)</b>	<b>(2 665 000)</b>	<b>(312 438 500)</b>
<b>Drift (skjema 1b)</b>			
Stab og fellestjenester	20 137 793	-	20 137 793
Oppvekst	121 376 275	303 000	121 679 275
Helse og omsorg	131 304 599	1 793 000	133 097 599
Drift og forvaltning	34 992 122	569 000	35 561 122
<b>Sum drift</b>	<b>307 810 789</b>	<b>2 665 000</b>	<b>310 475 789</b>
<b>Netto</b>	<b>(1 962 711)</b>	<b>-</b>	<b>(1 962 711)</b>

<b>Investering (skjema 2b)</b>	<b>Regulering</b>
Solhall, auka kostnad	
Bustadsosial handlingsplan, først i 2019	-1 800 000
Radøyhallen, uaka kostnader	700 000
Bø barnehage, større del i 2019	-10 000 000
<b>Netto endring</b>	<b>-11 100 000</b>

Redusert investeringsramme vert finansiert gjennom redusert bruk av lån.

039/2018: Økonomiplan 2019 - 22

Behandling:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte i saka. Han peika mellom anna på den stigande gjeldsbyrda som kommunen vil få utover i økonomiplan-perioden og inn i Alver kommune.

Formannskapet ønskjer å vera sitt ansvar bevisst som Radøy kommune, og vil ta dei nødvendige debattane og gjera noko med den økonomiske situasjonen før kommunen blir ein del av Alver kommune. Vidar Grindheim (H) sa at Radøy-politikarane har plikt på seg til å sjå til at investeringane er rasjonelle og fornuftige.

Ordførar Jon Askeland sette fram følgjande felles oversendingsframlegg til kommunestyret:

Formannskapet meiner kommunestyret må ta ansvar for Radøy kommune sine økonomiske utfordringar og ikkje overlata dette til Alver kommune. Formannskapet meiner at ved framlagde økonomiplanar frå Lindås og Meland må Radøy vurdere økonomiplanen på nytt for å få konsolidert økonomiplan på plass.

Formannskapet slutta seg til oversendingsframlegg sett fram i møtet.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.



Vedtak:

Økonomiplan for Radøy kommune for perioden 2019-22 vert godkjent slik den ligg føre.

---

040/2018: Småbarnsavdeling Austebygd barnehage

Behandling:

Rådmann Jarle Landås understreka at konsultentselskapet Norconsult har kome med sine vurderingar og sitt utfordringsbilete knytt til utarbeidinga av detaljane i arbeidet med ny småbarnsavdeling. Norconsult har kome med tilbakemelding i form av ein skriftleg presentasjon, men det føreligg ikkje nokon eigen rapport frå selskapet.

Rådmannen har tidlegare gjeve formannskapet munnleg orientering om dei funn og innspel/kommentarar Norconsult har kome med. Norconsult meiner småbarnsavdelinga må sjåast i samanheng med dei store bygningsmessige utfordringane for skulebygget.

Kenneth Taule Murberg (H) understreka at partigruppene må gå grundig inn i denne problemstillinga og gjera sine prioriteringar sett opp mot andre tiltak og investeringar som ein ønskjer å gjennomføra. Anne Berit Bø Palmesen (SP) peika på at kommunen ikkje kan risikera ei så dyr utbygging at det ville vera billegare å få bygt eit nytt oppvekstun.

Vidar Grindheim (H) advara mot ei ukontrollerte kostnader som i neste omgang kan resultera i skulen må leggest ned.

Ordførar Jon Askeland sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Formannskapet er uroa over konsekvensane ei småbarnsavdeling kan føra med seg. Formannskapet ber rådmannen føreta ei behovsvurdering for ei evt. småbarnsavdeling og koma tilbake til formannskapet med ei sak.

Formannskapet vedtok framlegg til vedtak sett fram i møtet.

Vedtak:

Formannskapet er uroa over konsekvensane ei småbarnsavdeling kan føra med seg. Formannskapet ber rådmannen føreta ei behovsvurdering for ei evt. småbarnsavdeling og koma tilbake til formannskapet med ei sak.

---

041/2018: Bustadsosial handlingsplan for perioden 2018-2022

Behandling:

Rådmann Jarle Landås understreka at bustadsosial handlingsplan er ein viktig reiskap for å få oversikt over behov og strategiar for å dekkja behovet for bustader.

Kirsti Gjetle Floen (AP) peika på at det er eit behov for kommunale bustader, særleg innan rus og psykiatri. Ho understreka at Bustadsosial handlingsplan vil omfatta mange ulike menneske og grupper.

Anne Berit Bø Palmesen (SP) meiner det er viktig at kommunen har eit tett samarbeid med pårørande, og sa at det er viktig for unge i etableringsfasen å eiga sin eigen bustad. Ho advara mot ein-sidedig satsing på utleigebustader.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Bustadsosial handlingsplan for perioden 2018-2022 vert vedteken.

---

042/2018: Kommunedelplan helse, sosial og omsorg for Radøy kommune perioden 2018-2028

Behandling:

Ordførar Jon Askeland sa at det blir lagt opp til ei grundig orientering om kommunedelplanen for helse, sosial og omsorg i kommunestyret.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Kommunedelplan for helse, sosial og omsorg i Radøy kommune for perioden 2018-20128 vert godtkjent slik den ligg føre.

---

043/2018: Utviding av IKT-samarbeidet - konseptstudie

Behandling:

Rådmann Jarle Landås peika det nærmar seg ei utviding av fleire aktørar i Nordhordland IKT-samarbeidet. Gulen er ein del av Nordhordlands-samarbeidet og står nærmast til å bli medlem i IKT-samarbeidet. Fleire andre kommunar bankar også på døra, men før det vert tatt stilling til desse søknadane skal det gjerast ei vidare utgreiing.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

Vedtak:

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Arbeidet med å få til ei utviding av IKT Nordhordland med fleire kommunar bør starta så raskt som mogleg. Radøy kommune er positiv til at hovudprosjektet som skal koma med konkrete forslag til utviding, vert starta opp.

Gulen kommune er i dag fullverdig medlem i Regionrådet og samarbeider tett med dei andre kommunane innanfor mange tenester. Dersom Gulen kommune er klar til å gå inn i §27-samarbeidet før hovudprosjektet er ferdigstilt, så er Radøy kommune positiv til det.

---

#### 044/2018: Etablering av Nordhordland brann og redning

##### Behandling:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

##### Vedtak:

1. Radøy kommune godkjenner brannordning og samarbeidsavtale for etablering av Nordhordland brann og redning (NHBR).
  2. Kostnadar for deltaking i samarbeidet blir handsama i samband med arbeidet med budsjett og økonomiplan.
-